

Sildefiskeværet Bulandet

Omskifte på båtar, reiskap og fangstmetodar frå 1900 fram til i dag

Bulandet var frå før år 1900 og fram til slutten av 1950-åra, kjent som eit godt fiskevær for vintersild. Fangstmåtar og fangstreiskap har skift mykje i denne tid-bolken. Ja, farkostane og.

Så langt attende eg minnest — og det er nesten til hundreårsskiftet — var det vårsild som trekte under land her. Tidlegare på vinteren stod ho lenger ute på havet. Då kunne segibåtar på 30—40 tunner, kryssa utpå når veret var lageleg, etter åtesild dei kallar. Det var knutar av sild som var jaga saman av staurkval og storsei. Silda kunne der gå tett like opp i sjøflot. Og når dei sette 2—3 eller 4 garn i slike sildeåter, kunne dei ta last i båten. Staurkvalen kunne vera så utmasa og fulleten av sild i slike åter at den stod roleg opp i sjøen oppetter garnveggen og nuppa ei og onnor sild. Då sa vi at den stod og »kinna«. Eg har vori med og sett det sjølv.

Til desse årvisse fiske kom det folk langveges ifrå. Her var nordlendingar og hordalendingar (strilar) med landnoter. Nordlendingane hadde mindre seglskuter til lossement (losjifarty). Dei kom kanskje 2 i lag med ein dampskipsbåt hertil. Notbåtane var store og fine. Det var både gavlbåtar og spiss-stemningar, og alle godt rigga med gaffelsegl. Hordalendingane hadde og store seglskøyter som losjifarty og store segibåtar dei og til notbåtar. Men dei var for det meste rigga med firkanta storesegl, spreidsegl dei kalla. Det var ofte kappsigling mellom desse notbåtane. Og det tykte vi smågutane var spanande å sjå på. Ukjende som dei var kunne dei sigle frampå undervatsskjær eller fløer og vart ståande og ri på dei. Men det var smul sjø inne i sunda, så det var ingen fare korkje for båt eller folk. Meest fortryteleg var det om andre lag fann sild og kasta, medan dei stod på skjæret. Eit slikt skjær som ligg midt i leia søraust for Sandøy, fekk vel namnet sitt ifrå den tid. Det heiter Merrra. No er det komen stakke på det.

Fiskarar frå dei næraste bygdar som indre luten av Askvoll og ytre luten av Ytre Holmedal fekk seg losji i land. Dei hadde som regel kvar sine visse huslydar her ute som dei tok inn til. Og det såg ut for å vera både husrom og hjarerom i den tida. Så kom dei då godversdagar på not eller garnbåtar med ein høg farm av ymse pargas. Først var not eller garn i botnen av båten (bunker). Opp-på der var det så halmsekkar, klekister (det var ikkje sjomannssekkar i dei dagar) nisteskrin, kavringtunnet, smørambarar, potetpøkar, fleskeskinker, mjølkeholkar og mjølkeanker og sjølvsgatt kaffikjel og stundom gryter og. Så var det brensel — eit halvt eller eit kvart mål turr, god bjørkeved. Alt vart teke på land og bore til gards og inn i losjihuset. Det vart då handhelsing på husbondsfolket og takk for sist. For det same fiskelaget kunne kome att år etter år.

Av Teodor Sandøy

Kistene vart så sette ende i ende i ein vinkel på stoveglovet såpass langt frå veggene at det vart sengjelengde. Halmsekkane vart så tømde mellom veggen og kistene og jamna godt utover. Eit notlag var oftast på 12 mann så det vart ei heil breidd på flatbrakka. Og når dynene var komne på var det eit fargjespel i alle nyansar.

Det fall då gjerne ein prat om vonene for fisket, og om korleis veret ville verta. Då kunne ein høyre uttrykk som desse: »Ja, kunne det verta så bra tur som ifjor, så skulle vi vera fornøgde«. Eller: »Vi får vone på at det vert betre ver i år enn i fjor«.

Basen og nokre unggutar tok seg så ein tur opp på den høgste haugen for å sjå etter silde-syner. »Sjå der«, ropte unggutane »dei kvite røykskyene der ute i synsranda, kva er det?« »Det er storkval det gutar. Han har nok sild for seg der«. »Kjem ho til lands, trur du?« »Vi får vone det«, sa basen.

Dei ytste skjæra sat kvite av fugl — svartbak, blåmåse og gråmåse. Og havsula fank i flokkevis langs med flukanten. Det var og gode sildemerke.

Komen nedatt i losjiet fann basen fram almanakken av kisteleddikken for å sjå kva tid det var full- eller nymåne. Då kunne han noko lunde rekne ut kva tid silda var ventande under land.

Så ein morgon hadde sjøen fått ein meir grønleg farge enn vanleg. Basen og lettått-roarane skunda seg utpå for å lodda. Det var ikkje lenge før basen reiste seg i båten og det var teikn på at han hadde silda på loddet. Snart kom fleire notbasar til, og notbåtane tok til å samla seg. Den som hadde største nota la seg under land på ein høveleg stad og øyrekalaa vart sett i ein dregg som vart sett i eit godt feste på land. Så følgde dei spent med basen. Seks mann sat med årane og to stod klar for å kasta nota. Best det var gjorde basen eit knapt vink med eine armen. Var det ein med god røyst, så høyrdest det gjerne eit kvast: »La gå not«. Så sette rorskarane på notbåten i, og nota gjekk ut mot land på andre sida. Sperret eller hovudkastet var gjort.

Hovudbasen rodde så opp mellom holmane for å sjå seg ut ein god stengjeplass der sildelåsen skulle stå. Etter ordre frå hovudkastaren samla alle lettåttane seg på sokna (midten av sperre-nota) og la seg side om side. Så var det å skramla med årane mot båtripa og mot keipane for på den måten å jaga og skræma silda fram. Ein i kvar lettått brukka skimle, søkte den ned og drog den opp. Skimle er eit 1,5 m. langt og 30 cm. breitt bord forma som ei sild, og med eit tungt

jernbeslag på hovudenden så den søkk fort. Den er kvitmåla. Var ein heldig kunne ein på den måten jaga silda heilt fram på stengjeplassen. Der vart ho inneringa av ei god not. Var det mykje sild, sette ein helst to noter utanpå ein annan, 3—5 famner mellom kvar. Så vart notene godt utplenta, så dei skulle stå stødt om straum og vind sette på. Notøyra og øyrekalane måtte kledast godt inn til vern mot gnag mot land. Ein brukte og solide kjettingar som feste i land.

Basane rodde så rundt i stengjet for å rusa kor mykje sild ein hadde. Og dei kunne treffe det ganske godt såleis. Fangsten vart så oppgjeven i mål eller kassar og innmeldt til ein agent for silde-grossistar i Bergen og pris avgjort for kassen eller målet.

Var det ein sikker stengjeplass så kunne kastet verta selt som »henslandslås« dei kalla. Då sette den kjøpmannen som hadde kjøpt låsen, ned eigne stengjener. På dei var det bensla kjetting under grunnfellinga, for at dei skulle halda godt tett i botnen. Så hadde han gjerne eit par mann som skulle liggja vakt ved låsen. For fugl og fisk kunne ofte vera nærgåande og skræma og eta opp ein del sild. Landnotsilda gjekk helst til ising for eksport.

Men det hende og at gløda over eit godt sildesteng ikkje vart så langvarig.

Eg minnest at det i 1902 eller 03 var sett eit fint vårsildsteng på sørsida av Sandøy. Det var nordlendingar med og på det kastet. Men etter eit par dagar rauk det opp til sterk vestakuling. Om morgonen låg det da to—tre sundslitne noter utanpå ein annan opp-på land på Sandøy. Og fangsten var faren på romda igjen. Under slike tilhøve vart det dårleg tur.

Men eg minnest og at på det sundet der moloa no går over ifrå Sandøy, der låg det fleire båtar — små og store og drog seg skaklasta av sild på garn (kaggeset).

Når han-silda kom og gyttte så sjøen fekk den kvite mjølkefargen, då vart fisket snart slutt på den staden.

Straks etter 1900-årsskiftet var det berre fem-seks landnotbruk i Bulandet. Og det såg ut for å vera slik at det var berre landeigarane som og åtte notene. Dei var tre-fire slike eigarar om kvart bruk. Notene var heller ikkje så store då. Til eit bruk høyrde som regel tre noter. Ei på 100 famner, ei på 70—80 og ei på 50—60 famner.

I 1908 og 09 vart motoren teken i bruk i fiskebåtane her. Det vart sett motor i dei gamle segibåtane og det var helst til sildefiske med garn dei vart brukte.

I 1912 eller 13 kom dei første dekkka motorfarty hertil Bulandet. Det var for det meste Lister-skøyter, som hadde vore brukte som seglskøyter, som vart innkjøpte og sette nye motorar i.

Då vart det eit omskifte i fiske-
måten etter sild. Ein kjøpte no
drivgarn og sette saman i len-
kjer på 25—30 garn. Reiste så
ein times veg til havs i kveldinga
og sette dei. Låg så og dreiv for
vind og straum ei 5-6 timars tid.
Tok så til å draga. Og var ein
heldig kunne ein få last i far-
tyet, ca. 140—150 mål. Det kun-
ne og verta lite. Men det hende
og at silda gjekk så på at heile
lenkja sokk. Og var det djupt
vatn, så vart tyngda så stor at
kabelen og slitna, og ein måtte
gå til lands berre med dei fam-
ner kabel som var ifrå baugrul-
len til vinsjen eller garnspelet.
Men ein kunne ikkje sture så
lenge. Ein måtte få tak i nytt
bruk og utatt på, kanskje til bet-
re lukke neste gong.

Ein var som regel seks mann
i eit slikt fiskelag. Det var lug-
gar forut i fartyet. Så ein var
ikkje så stadbunden til det eine
fiskevær som før. Den fangstmå-
ten har halde seg like fram til
våre dagar.

Mellom dei to verdskrigane
vart her kjøpt inn ein del større
nye båtar. Ja, etter siste krig
og. På dei kunne det vera 8—10
mann.

Ein fekk og maskindrivne
garnrullar, og ein tina silda av
etter kvart ein drog.

Silda vart på den måten fina-
re, og når garnlenkja var koma
ombord, lag den ferdig til setjing
neste tur.

Etter ekkoloddet vart teke i-
bruk, slapp ein og setje på må-
få. Dei store sildeåra for 20—25
år sidan kom her inn på titusen-
vis hl. for dagen av storsild. Her
kunne då vera samla drivgarns-
båtar frå Aust-Agder til Trøn-
delag. I førstinga av 60-åra var
ca. 20 dekkra farty som hoyrde
heime i Bulandet. No kanskje
nokre færre.

Men det kunne vera gode land-
notar og i denne tidbolken. Som
t. d. i 1929. Då var det eit rikt
storsildfiske her med landnoter.
Det var til dels store lås i Bulan-
det, og ved Værlandet og Alden,
20—30 tusen hl. dei største. Det
året vart hektolitermålet teke i
bruk og det vart til stor fram-
hjelp for sildefiskarane i alle rei-
skapsklassar. Her var då 20—30
landnotbruk i Bulandet. Notene
var større enn før både på lengd
og djupn. Dei fleste hadde då
motorgavlar, som hadde god fart
og var mykje meir konkurranse-
dyktige enn robåtane.

Men no var det kome til eit
reiskap som var enda meir effek-
tivt. Det var snurpenota. Her
låg ei mengd snurpebåtar dei
store sildeåra rundt Bulandet og
lasta seg. Om dagane var det ein
»skog av master, av skrov ein
murs. Og om nettene som ein
levande by i fargar, blankt, grønt
og raudt, stadig svingande om ein
annan. Eit storfelt syn. Og kolos-
sale dagsfangstar.

Ein del tiltaksame bulendingar
såg at dette var noko dei og må-
te vera med på. Snurpenoter og
motordorryar vart kjøpte. Nokre
bruk leigde hovudfarty. Eit lag
brukte sine egne båtar. Det var
brørne Fedøy. Dei hadde to farty
på den tid — m/k »Havblink« og
m/k »Fedøy«.

Det var i 1944 første vinteren
dei var ute med snurpenot. »Hav-
blink« var hovudfarty og »Fedøy«
fylgjar. Og det synt seg snart
at bulendingane og kunne fiska
sild med det reiskapet Når begge
desse båtene kom med last had-
de dei til saman 1700 hl. og det
var ein fin dagsfangst. Stundom
kunne ein kasta så nær land at
ein slepa heile kastet inn på ein
stengjeplass og silda vart då om-
sett som vanleg landnotsild. Det-
te var ofte gjort av dei andre
snurpebruka her.

Vinteren 1953 vart m/k »Hav-
blink« forlengd og då kunne dei
hiva dorryane opp. Det var ein
stor foremon, for då kom ein
fortare fram og var meir kon-
kurransedyktige. Båten lasta då
1600 hl. Bulandet hadde då fått
ein fullt utrusta snurpebåt.

Men så i siste helvta av 50-åra
tok silda til å trekkja lengre og
lengre nord, og sildemengda vart
mindre. I dei gode åra hadde
talet på snurpebruk vokse, så
når det no vart mindre med sild
og heller ikkje så vide felt å
fiske på, vart flåten for stor,
og så trøgt om plass at dei kun-
ne øydeleggja for kvarandre. Så
kom då etter kvart noter av ny-
lon i bruk. Dei som nyss hadde
kosta seg to-tre nye bomullsnø-
ter, kvidde seg med den dyre
omlegging til nylonnoter. Men så
vart det til det at dei som ikkje
gjekk over til å bruke nylon-
noter, dei hadde vanskar med å
få menneskap nok, for noter av
nylon er så mykje lettare å ar-
beide med. Kvantumet på bruka
vart meir ujamnt på grunn av
mindre sild og kanskje for man-
ge bruk.

Så var det eit anna fiske som
kom inn i biletet her og det var
håbrandsfisket. Fisken var i god
pris og så var eit håbrandsline-
bruk overkomeleg i kostnad. Og
ein klarde seg med eit menneskap
på fem. Og dei største båtene
her var høvelege til det fisket.

Det vart då til det at snurpe-
bruka her ikkje fylgde med i mo-
derniseringa korkje av bruk eller
teknisk utstyr om bord i båtene.
Det siste nye der er asdic og
kraftblokk. Då treng ein ikkje
dorryar men både kastar not ut
og snurpar den opp på hovud-
fartyet.

Så no er bomullssnurpenotene
og landnotene gamaldags reiskap.
Her i Bulandet ligg det noter av
den slags for fleire tusen i kost-
nadssum og morknar på sjøhusa
— førebels utan verdi.

Eg har tala med Kr. Mjømna
som var tillitsmann for Noregs
Sildesalslag her nokre av dei bes-
te sildeåra. Og han sa at i 1943
var her innmeldt og omlasta
800.000 hl. garn- og snurpesild.
Så på den tid var Bulandet vel
kjent mellom sildefiskarane.

Dei gode sildeåra var her tre
store og tre-fire mindre salteri.
Der var det då arbeid for mange
folk, både kvinner og menn ved
førstegong salting og seinare på
våren med omattlegging og pak-
king for eksport. A/S Nikøy
hadde og to elektriske losse-
grabbar for omlasting av sild frå
fiskebåt til foringsfarty. No står
også dei som tause monument
over det liv og den trafikk som
er stilna.

1960 var det siste år silda var
her på bulandsfeltet. Om ho
kjem att og kva tid er uvisst.

I år var to båtar her frå på
More-feltet som hjelperar og ein
båt var på same feltet med bot-
negarn. Dei »stoppa tur« som ein
seier, alle tre.

Men den kamp og den innsats
som vart utført her dei mange
år, vart heller ikkje utan manne-
fall.

Ei stormnatt i 1925 forliste ei
skøyte frå Stavang her nordvest
for Bulandet. Dei var seks mann
om bord og alle kom vekkt. Kva
som eigentleg hende veit ingen.
Det knyter seg ei sjeldan saga
til den hendinga. Ein kjend mann
i Askvoll, S. O. Nordeide, var
komen om bord der for å vera
med og fiska sei. Men så sag
han at han hadde gloymt votta-
ne sine att i land. Han skulle så
av og henta dei, men då han
kom att, var skøyta gådd ut til
fiskefeltet. Han tok da dette som
eit varsel om ikkje å reisa på
fiske fleire vintrar. Bror min
seier at han vart med på vår
skøyte den natta.

I 1919 gjekk Vest-Agder-skøyta
»Jolly« seg opp i fallgarden vest
av Sandøy på veg til lands. Det
var ein laurdags kveld. Alle an-
dre farty var gått i hamn så det
var ingen som la merke til at
ulukka hende. Dei var og seks
mann om bord, og alle kom vekkt.
Sundags morgon såg og frå kjø-
kenvindauga ein vase av garn-
blåser i nærleiken av eit skjær.
Og der var skøyta sokka.

Og i 1951 gjekk Itogalands-
skøyta »Føngutten« på grunn i
nærleiken av Gjørøynes fyrlympe
på nordsida av Bulandet. Den
var og på veg til lands. To mann
kom seg på land og vart berga,
medan dei andre fire kom vekkt.
Det gjev ein stökk i fiskarbrør
når slike ulukker hender. Og det
er tunge bod å få for dei som
heime sit.

Havet kan vera rikt, men det
kan og vera lunefullt og hard-
hendt.

Båtane her på over 50 fot er
for det meste gått over til trål-
fiske etter røker og »skitflske«
dei kallar. M/K »Havblink« har
no dei siste to år vori med i eit
parlag på sildeutråling både på
Skagerak- og Mørefeltet, ja, like
i Vestfjorden.

Så utviklinga i sildefisket bå-
de når det gjeld farty, reiskap
og fangstbåtar serleg dei siste
20—30 år har vore kolossal. Det
maskinelle og tekniske utstyr
som og har vorte teke i bruk,
har gjort arbeidet lettare og
fangstresultatet sikrere.

No spørst det berre om vår
norske sildestamme er og vil ver-
ta så stor at den kan gi lønsam
drift til den moderne, men og
kostbare sildeflåten vi har i dag.